



Una Kolle, festivalsjefen som vert dagleg leiar for Folgefonnsenteret.

**Una Kolle ( 41 år ) er tilsett som ny dagleg leiar for Folgefonnsenteret. Ho er i dag dagleg leiar og innehavar av versemda Rein hudpleie. Una Kolle har også vore sjølvstendig næringsdrivande og sentral i drifta av Isrosa i Herøysundet. I Uskedalen er Una mest kjend frå arbeidet med Festidalen, dei siste åra som festivalsjef og styreleiar.**

Hans Myrvold i tilsetjingsutvalet fortel at det har vore to rundar med intervju før ein stod att med tre aktuelle kandidatar av totalt ti søkjarar. Alle var godt kvalifiserte og godt eigna for oppgåva som dagleg leiar for Folgefonnsenteret.

Una Kolle er 41 år, busett i Herøysundet, har utdanning med bachelor innan kreativ webdesign. Ho er agronom og har grunnfag og mellomfag i arkeologi. Una Kolle har variert yrkesbakgrunn og brei jobberfaring, mellom anna som ansvarleg for Bondens Marknad i Bergen.

Med dette som bakgrunn vil ho vera god eigna til å skapa merksemd og positive resultat for Folgefonnsenteret.

Ho tek til i jobben 14. april.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Lars Martin Teigen/ Festidalen